

Digitalt planregister i Indre Sogn er på plass

I den nye plan- og bygningslova (Lov om planlegging og byggesaksbehandling) gjeldande frå 1. juli i 2009 er det eit krav om at alle kommunar skal ha eit planregister som er i samsvar med krav i Kart- og planforskrifta.

Prosjekt i Indre-Sogn

I 2009 fekk kommunane i Sogn regionråd støtte frå Fylkesmannen for å gjennomføre eit prosjekt for å få eit digitalt planregister på plass. Prosjektleiaren har vore GIS koordinator for Indre Sogn, Darek Hauderowicz. Sogn regionråd dekkar kommunane Vik, Balestrand, Leikanger, Sogndal, Luster, Lærdal og Aurland. Årdal var også tidlegare med, og sjølv om Årdal no ikkje er med i regionrådet, er deira planarkiv med i dette prosjektet på lik linje med dei andre kommunane.

Arbeidet starta i februar 2009 og gjekk i fyrste omgang ut på at kommunane sjølve måtte leita fram alle gjeldande reguleringsplanar med tilhøyrande dokument som har vore vedtatt opp gjennom åra. Alle plankart med tilhøyrande føresegner og vedtak har vorte skanna. I heile regionen er det snakk om rundt 650 planar, til saman over 3000 dokument. Alle planane fekk ein nasjonal planidentitet som er eit nummer der kommunenummeret er dei fire fyrste siffera. Alle desse dokumenta er gjort tilgjengelige gjennom den digitale kartportalen www.sognekart.no. Der er det laga ein kartbase der alle planar med tilhøyrande dokument no kan hentast fram av alle med hjelp av eit par tastetrykk på datamaskina. Mesteparten av dette arbeidet var slutført i mars 2010

Planar vedteken etter den gamle plan- og bygningslova er skanna og er eit digitalt dokument med ein raster (bilete) i kartbasen. Planar som vert vedtekne etter ny plan og bygningslov skal leggjast ut som vektordata i kartbasen. At planen har vektordata betyr at sjølve planen er digitale linjer som vert lagt ovanpå dei bakgrunnskart eller flyfoto som ein ynskjer å sjå planen i. For å få dette til må alle som skal utarbeide planar kunne levere desse i god kvalitet i SOSI 4.2. standarden.

Situasjonen i andre Vestlandskommunar

Kommunane i Indre Sogn er dei fyrste i fylket som har på plass eit digitalt planregister. I Hordaland er det etablert digitalt planregister i Nordhordlands-kommunane. Sjølv om kommunane i Noreg er ulike i størrelse både når det gjeld areal og befolkning, er det dei same lovpålagde oppgåvene som kommunane må utføra. Små kommunar i regionen har små fagmiljø, og det kan vera ei utfordring å halde seg fagleg oppdatert innan eit fagområde som er i ein rivande utvikling. Eit digitalt planregister stiller store krav til kompetanse om digitale metodar og teknisk dataforvaltning i kommunane. Etablering og vedlikehald av eit planregister eignar seg difor godt for eit kommunalt samarbeid.

Det er no planar om å starte fylkesvise prosjekt for å få etablert digitale planregister. Prosjektleiaren vil vera Statens kartverk. Målet er at alle kommunar i Hordaland og Sogn og Fjordane skal ha digitalt planregister og at det skal vera inngått prosjektavtalar med alle kommunane i fylka innan 2012. Indre Sogn ligg med andre eit hestehovud framom dei andre og kan no setje inn sine ressursar på å ajourføre og vidareutvikle eksisterande register. Det er også svært viktig å få alle som leverer planar til å levere desse som vektordata i rett SOSI standard slik at kommunen sjølv i neste omgang kan overføre alle nye planar enkelt og greitt til kartbasen.

Stor nytteverdi

Eit digitalt planregister har stor nytteverdi for samfunnet. Det lettar forvaltingsarbeidet i kommunane og det har stor informasjonsverdi for publikum og for næringslivet. Eit digitalt planregister vert aldri fullført, men er noko som heile tida må oppdaterast etter kvart som nye reguleringsplanar vert eigengodkjende i kommunane eller eldre planar vert endra. For kvar ny plan eller endring må nye plankart og dokument leggjast ut på kartportalen. Utan denne oppdateringa, misser planregisteret sin nytteverdi og er i strid med lovverket.

Inger Handegård - Luster kommune v/plan
Darek Hauderowicz – GIS koordinator Sogn regionråd